

Prosedyre ved rømming av fisk, matfisk**Dok.ID: D00129**

Utgåve: 2.00- 17.02.2017

Oppdatert av: RK

Dok.ansvarleg: RK

Godkjent av: VH

Første utgåve: 15.04.1994

1.0 Formål

Formålet med denne prosedyren er å skildra tiltak ved rømming av fisk eller mistanke om rømming, samt sikre at gjenfangst er planlagt og utført i samsvar med krav frå styresmaktene.

2.0 Ansvar

Administrerende direktør har hovudansvar for at verksemda har eit kvalitetssystem.

Produksjonssjef Sjø har ansvar for at verksemda har prosedyre for aktuelt arbeidsområde.

Driftsleiar har ansvar for planlegging, tilrettelegging og at prosedyra blir fulgt i sin avdeling.

Driftsoperatør har ansvar for gjennomføring av prosedyra.

3.0 Omfang

Dersom det oppstår ein akutt situasjon der fisk kan ha rømt på grunn av tekniske feil eller andre uhell som har oppstått ved handtering av fisk eller anna arbeid på anlegget, skal ein straks undersøkje anlegget for å få oversikt over om det kan ha rømt fisk.

Ansvarleg driftsoperatør ved det enkelte anlegget skal sjekka matlysta hos fiskane i alle nøtene kvar dag. Ved nedsett matlyst, som kan tyda på at det manglar fisk i merden, skal ein straks undersøkje merden for å få oversikt om det kan vera noko i vegen med fisken eller om det kan ha rømt fisk.

Havoverflata rundt anlegget skal observerast for sjå om det går fisk i overflata.

Kvar lokalitet skal ha ein beredskapskasse med mellom anna gjenfangstgarn og notstykke. Som rømmingsavgrensande tiltak skal anlegget ha notstykke tilgjengeleg som kan brukast til å tett/dekke hol med i ein rømmingssituasjon. I tillegg har kvar region tilgang til eit lager med fleire garn.

Dersom det er mistanke om at det er rømt fisk frå anlegget, skal driftsoperatør straks tilkalla hjelp for å få avklart situasjonen, setja inn naudsynte strakstiltak, samt varsla overordna i samsvar med Varslingsmatrisa. Dersom det har rømt fisk, eller det er mistanke om rømt fisk, skal ein straks varsla Fiskeridirektoratet, jfr. Varslingsmatrisa.

Det skal snarast mogleg takast kontakt med lokale fiskarar for å få organisert gjenfangst. Garn som ligg i beredskap på anlegget skal setjast ut og all gjenfangst (frå lokale fiskarar og egne garn) skal registrerast.

3.1 Kontroll og overvaking

Beredskapskasse med gjenfangstgarn og notstykke.

Tilsyn med anlegg (not, fortøyning mm)

Tilsyn med fisk (appetitt, åtferd)

3.2 Kritiske faktorar

Straum og vêrtilhøve.

Handtering av not.

Handtering av Lift-up.

Større arbeidsoperasjonar (t.d avlusing, notskift, levering av slaktefisk).

Ekstrautstyr i merd (lift-up, kamera, merdlys, førspreiar, rensefiskskjul).

Anløp av større båtar.

3.3 Sikkerhet

Det skal takast omsyn til tryggleik i arbeidet, og personleg verneutstyr skal nyttast der dette er naudsynt.

Redningsvest

3.4 Avvik

Uønska hendingar (avvik) skal registrerast og oppfølginga skal dokumenterast i Forbetringssystemet.

4.0 Registreringar

Dok.id 210: Skjema for melding om rømming (Fiskeridirektoratet)

Dok.id 4020: Skjema for gjenfangst etter rømming (Fiskeridirektoratet)

5.0 Referansar

Akvakulturdriftsforskrifta

Dok.id 132: Prosedyre ved mottak av fôrbåt, brønnbåt og andre store båter

Dok.id 1187: Beredskapsfiskarar, gjenfangst, Hordaland/Rogaland

Dok.id 114: Varslingsmatrise

Dok.id 1188: Kart, plassering av gjenfangstgarn, Hordaland

Dok.id 3465: Kart, plassering av gjenfangstgarn, Rogaland